

Til Norges Bank

15.11.2021

Tilråding om observasjon av Adani Ports & Special Economic Zone Ltd

Samandrag

Etikkrådet tilrår å sette Adani Ports & Special Economic Zone Ltd (APSEZ) til observasjon på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar. Tilrådinga gjeld APSEZ sitt forretningssamarbeid med militæret i Myanmar.

I Myanmar driv APSEZ verksemd gjennom dotterselskapet Adani Yangon International Terminal Company Limited (AYL). I 2019 signerte AYL ein *build operate transfer*-avtale med det militæreigde konglomeratet Myanmar Economic Corporation (MEC) om utviklinga av Ahlon International Port Terminal i Yangon.

APSEZ er børsnotert på Bombay Stock Exchange and National Stock Exchange i India. Ved utgangen av 2020 eigde SPU aksjar for om lag 840 millionar NOK i selskapet, tilsvarande ein eigardel på 0,73 prosent.

I februar 2021 gjennomførte militæret i Myanmar statskupp. Etter kuppet har dei væpna konfliktane i landet intensivert seg, og over tusen personar er drepne. Overgrepa mot sivilbefolkninga er pågåande, og det er stor fare for nye, svært grove overgrep frå militæret si side.

Kva gjeld selskapet sin medverknad, legg Etikkrådet til grunn at selskap som opererer i konfliktområde, må vere særleg aktsame. Rådet byggjer vidare på FN's granskingsgruppe si fråsegn om at forretningssamarbeid med MEC utgjer ein høg risiko for å medverke til brot på menneskerettane og internasjonal humanitærrett. Etter rådet sitt syn kan APSEZ sitt samarbeid med MEC bidra til å styrke militæret sin økonomiske og logistiske kapasitet.

I september 2021 opplyste APSEZ Etikkrådet om at det vil trekke seg ut av verksemda i Myanmar. I lys av situasjonen i landet er det betydeleg usikkerheit om når eit slikt uttrekk vil la seg gjennomføre. På grunn av tvilen om utviklinga framover i tid, tilrår rådet at selskapet vert sett til observasjon.

Innhald

1	Innleiing	1
	1.1 Kva rådet har teke stilling til	1
	1.2 Kjelder	2
2	Bakgrunn	2
	2.1 Situasjonen i Myanmar	2
	2.2 Myanmar Economic Corporation	3
3	APSEZ sitt forretningssamarbeid med MEC	4
4	Informasjon frå selskapet	5
5	Etikkrådet si vurdering	6
6	Tilråding	7

1 Innleiing

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (SPU) har vurdert fondet si investering i Adani Ports & Special Economic Zone Ltd (APSEZ)¹ opp mot kriteriet om alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar i retningslinjene for observasjon og utelukkning frå SPU (dei etiske retningslinjene).² Tilrådinga gjeld APSEZ sitt forretningssamarbeid med militæret i Myanmar.

APSEZ er eit indisk logistikkelskap med verksemd innan mellom anna fartøyforvaltning, hamnetenester, godshandtering, intern transport, lagring og sluttransport på veg og jernbane. Selskapet driv ni hamner, medan to nye hamnar er under bygging. Ei av desse er i Myanmar.

I Myanmar driv selskapet verksemda gjennom dotterselskapet Adani Yangon International Terminal Company Limited (AYL). I 2019 signert AYL ein *build operate transfer*-avtale (BOT) med det militæreigde konglomeratet Myanmar Economic Corporation (MEC) om å byggje og drive Ahlon International Port Terminal i Yangon.

APSEZ har hovudkontor i Ahmedabad, India og har nærare 2400 tilsette. Selskapet er børsnotert på Bombay Stock Exchange and National Stock Exchange i India. Ved utgangen av 2020 eigde SPU aksjar for om lag 840 millionar NOK i selskapet, tilsvarande ein eigardel på 0,73 prosent.

1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i APSEZ opp mot dei etiske retningslinjene § 4 bokstav b: "Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner."

Etter dei etiske retningslinjene § 6 (5) kan observasjon nyttast «der det er tvil om vilkårene for utelukkelse er oppfylt, om utviklingen framover i tid eller der det av andre årsaker finnes hensiktsmessig».

På grunn av den særlege risikoen for å medverke til alvorlege normbrot i krig og konfliktområde legg rådet på same måte som i tidlegare tilrådingar til grunn at selskap som har verksemd i slike område, må utvise ei særleg aktsemd.³ Eit slikt skjerpa aktsemdskrav følgjer av fleire internasjonale retningslinjer⁴ og er stadfesta i Stortingsmeldinga om Statens pensjonsfond for 2021.⁵ Denne aktsemdsnorma gjer at Etikkrådet kan kome til at det er *uakseptabel risiko* for medverknad til normbrot under dei etiske retningslinjene sjølv om

¹ Issuer Id 11382823

² Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland, <https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>.

³ Etikkrådet, Tilråding om Kirin Holdings Co Ltd <https://etikkradet.no/kirin-holdings-co-ltd/> og Tilråding om Oil & Natural Gas Corp Ltd <https://etikkradet.no/oil-natural-gas-corp-ltd/>

⁴ Sjå til dømes Report of the Working Group on the issue of human rights and transnational corporations and other business enterprises, *Business, human rights and conflict-affected regions: towards heightened action*, <https://undocs.org/en/A/75/212> og *Global Compact/PRI's Guidance on Responsible Business in Conflict-Affected and High-Risk Areas: A Resource for Companies and Investors*, https://d306pr3pise04h.cloudfront.net/docs/issues_doc%2FPeace_and_Business%2FGuidance_RB.pdf.

⁵ Meld. St. 24 (2020–2021) Statens pensjonsfond 2021, s. 115 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-24-20202021/id2843255/>

selskapet si tilknytning til normbrota er svakare enn det rådet elles krev for å tilrå utelukking eller observasjon. Denne tilnærminga er atterhalde saker som gjeld svært grove normbrot.

I vurderinga av kva som utgjer alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar, nyttar rådet internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Av særleg betydning er felles artikkel 3 i Genèvekonvensjonane som vernar sivile i ikkje-internasjonale væpna konflikt.⁶ Menneskerettane gjeld også uavhengig av om det føreligg ein konfliktsituasjon. Relevante føresegnar er FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 6, 7, 9, 21 og 22 som vernar retten til liv, fridom og tryggleik, fridom frå tortur samt forsamlings- og ytringsfridom.⁷

I vurderinga av selskapet sin medverknad legg rådet vekt på at det må vere ein konkret samanheng mellom selskapet si verksemd og krenkingane. Vidare må selskapet enten aktivt ha medverka til normbrota eller hatt kunnskap om dei, men unnlate å forsøkje å hindre dei på ein føremålstenleg måte. Dersom det ikkje er mogeleg å hindre normbrota, meiner Etikkrådet at selskapet må trekkje seg ut av verksemda. Frå NOU 2020:7 *Verdier og ansvar*, som omhandlar det etiske rammeverket for SPU, følgjer det at dei etiske retningslinjene er "ment å dekke medvirkning til alvorlege krenkelser som er foretatt av andre enn selskapet. Selskaper kan sies å medvirke til krenkelser gjennom for eksempel å levere varer eller tjenester til eller inngå i forretningsforhold med parter i en konflikt som begår alvorlige krenkelser."⁸

Dei etiske retningslinjene er også framoverskodande, og normbrota må derfor vere pågåande, eller det må være ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. I vurderinga av risikoen for nye krenkingar kan tidlegare normbrot gi ein indikasjon på framtidige handlingsmønster.

1.2 Kjelder

Etikkrådet har i denne tilrådinga nytta offentleg tilgjengelege kjelder frå internasjonale domstolar, FN-organ, media, sivilt samfunn og offentlege organ. Rådet har også motteke informasjon frå APSEZ.

2 Bakgrunn

2.1 Situasjonen i Myanmar

Første februar 2021 gjennomførte militæret i Myanmar statskupp og erklærte at øvstkommanderande Min Aung Hlaing og *the State Administrative Council* hadde overteke makta i landet. Etter kuppet viste hundretusnar av sivile motstand mot kuppet gjennom boikottar, streikar og demonstrasjonar over heile landet. Motstanden vart møtt med valdelege reaksjonar frå militæret, og over tusen menneske er drepne etter kuppet.⁹

⁶ ICRC, Treaties, States Parties and Commentaries, <https://ihl-databases.icrc.org/applic/ihl/ihl.nsf/vwTreaties1949.xsp>

⁷ Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettigheter med protokoller, https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6

⁸ NOU 2020:7, pkt. 13.3, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-7/id2706536/>

⁹ FN sin høgkommissær for menneskerettar, *Myanmar: UN report calls for urgent action to end human rights catastrophe*, 23. september 2021, <https://www.ohchr.org/EN/NewsEvents/Pages/DisplayNews.aspx?NewsID=27521&LangID=E>

I ein rapport frå september 2021 beskriv FNs høgkommissær for menneskerettar situasjonen i landet slik:

*When nationwide peaceful protests began, military authorities initially used less-lethal weapons in an unnecessary and disproportionate manner and conducted neighbourhood raids, creating an atmosphere of terror. This evolved into systematic targeted killings and mass arrests, with torture and ill-treatment causing additional deaths in custody. Progressively, armed resistance emerged, as people formed self-defence groups or started to organize to conduct attacks against the military. Simultaneously, armed conflict in Myanmar's border areas has continued and resurged. In both contexts, the Tatmadaw has conducted both targeted and indiscriminate attacks against civilians. Combined with a freefalling economy and worsening COVID-19 pandemic, the situation in Myanmar has become a human rights catastrophe.*¹⁰

Militæret i Myanmar har også i mange år før kuppet gjort ekstreme overgrep mot sivilbefolkninga. Rapporterte overgrep inkluderer vald mot og drap av barn og vaksne, gjengvaldtekt, tortur og brenning av landsbyar.¹¹ Mange av offera høyrer til den etniske minoriteten rohingyaane. På bakgrunn av desse overgrepa er det pågåande saker i den Internasjonale domstolen for brot på folkemordkonvensjonen¹² og i den Internasjonale straffedomstolen for brotsverk mot menneskeheita.¹³

2.2 Myanmar Economic Corporation

Frå 2017 til 2019 undersøkte FN si granskingsgruppe (*the Independent International Fact-Finding Mission on Myanmar*) påstandar om menneskerettsbrot i Myanmar på vegne av FNs menneskerettsråd.¹⁴ I 2019 publiserte granskingsgruppa ein rapport om dei økonomiske interessene til militæret i Myanmar.¹⁵ Rapporten kartlegg mellom anna militæret sin økonomiske aktivitet gjennom dei to militær-eigde konglomerata Myanmar Economic Corporation (MEC) and Myanmar Economic Holdings Limited (MEHL). MEC har gjennom fleire dotterselskap verksemd innan ulike sektorar, mellom anna bankverksemd, forsikring, byggjebransjen, handel, transport, gruvedrift.¹⁶ MEC er APSEZ sin samarbeidspartnar i Myanmar.

MEC er eigd og kontrollert av forsvarsdepartementet i Myanmar, som i sin tur er kontrollert av militæret. Innan militæret er det *Quartermaster General's Office*, som er ansvarleg for

¹⁰ FNs menneskerettsråd, *Written updates of the Office of the United Nations High Commissioner for Human Rights on the Situation of human rights in Myanmar*, 15. september 2021, <https://www.ohchr.org/EN/HRBodies/HRC/RegularSessions/Session48/Pages/ListReports.aspx>

¹¹ United Nations Human Rights Council, *Report of the independent international fact-finding mission on Myanmar*, 12 September 2018, <https://undocs.org/en/A/HRC/39/64>.

¹² International Court of Justice, *Application of the Convention on the Prevention and Punishment of the Crime of Genocide (The Gambia v. Myanmar)*, <https://www.icj-cij.org/en/case/178>

¹³ International Criminal Court, *Bangladesh/Myanmar, Situation in the People's Republic of Bangladesh/Republic of the Union of Myanmar*, <https://www.icc-cpi.int/bangladesh-myanmar>

¹⁴ FN sin høgkommissær for menneskerettar, *Independent International Fact-Finding Mission on Myanmar*, <https://www.ohchr.org/en/hrbodies/hrc/myanmarffm/pages/index.aspx>

¹⁵ FN sin høgkommissær for menneskerettar, *Independent International Fact-Finding Mission on Myanmar, Economic interests of the Myanmar military*, 16. september 2021, <https://www.ohchr.org/EN/HRBodies/HRC/MyanmarFFM/Pages/EconomicInterestsMyanmarMilitary.aspx>

¹⁶ Official Journal of the European Union, 19. april 2021, <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/HTML/?uri=OJ:L:2021:132I:FULL&from=EN>

logistikk og innkjøp i militæret, som kontrollerer MEC.¹⁷ Styret i MEC består av offiserar av høg rang. FN si granskingsgruppe fann i sin rapport med at MEC er ein direkte kjelde til inntekter for militæret, og at MEC sikrar militæret tilgang på naturressursar og fabrikkvarer. MEC publiserer ikkje rekneskapsrapportar.

FNs granskingsgruppe uttalte at militæret gjennom sine forretningssamarbeid "*substantially enhances its ability to carry out gross violations of human rights with impunity*"¹⁸ og at "*any foreign business activity involving the Tatmadaw and its conglomerates MEHL and MEC poses a high risk of contributing to, or being linked to, violations of international human rights law and international humanitarian law.*"¹⁹

MEC sine dotterselskap skal eige store landareal i Myanmar, inkludert verdifull eigedom som sikrar militæret ein betydeleg inntektsstraum. Rapporten frå FNs granskingsgruppe inkluderte ei oversikt over selskap som leiger eller festar eigedom eller landområde frå militæret, og framheva i denne samanheng APSEZ som eit grelt eksempel ("*stark example*").²⁰

Etter kuppet har MEC vorte underlagt sanksjonar av EU og USA.²¹ I EU si grunngeving for sanksjonane følgjer det at "*MEC and its subsidiaries generate revenue for the Tatmadaw, therefore contributing to its capabilities to carry out activities undermining democracy and the rule of law and to serious human rights violations in Myanmar/Burma*".²² Fleire land, inkludert Canada, Storbritannia og Noreg har vedteke liknande sanksjonar.²³

3 APSEZ sitt forretningssamarbeid med MEC

I mai 2019 inngjekk APSEZ sitt dotterselskap AYL ein BOT-avtale om å byggje og drifte Ahlon International Port Terminal. Avtalen varer i 50 år, og hamna vil etter dette verte overført til MEC, dersom den ikkje vert forlengja med 2 gonger 10 år som avtalen opnar for.²⁴ Prosjektet er planlagt ferdigstilt i 2021.

Ifølgje APSEZ vart kjøpet av landområdet der hamna skal byggjast, fasilitert av *Myanmar Investment Commission* som er det offentlege organet som har gitt løyve til prosjektet. Selskapet inngjekk så ein festeavtale med MEC om bruk og utvikling av landområdet. Området er på 220 kvadratkilometer. Så langt har selskapet betalt 90 millionar USD til MEC under festeavtalen. Den fulle kostnaden for prosjektet skal vere 290 millionar USD.

¹⁷ FN sin høgkommissær for menneskerettar, 16. september 2021, para. 55.

¹⁸ FN sin høgkommissær for menneskerettar, *UN Fact-Finding Mission on Myanmar exposes military business ties, calls for targeted sanctions and arms embargoes*, 5. august 2019 <https://www.ohchr.org/EN/NewsEvents/Pages/DisplayNews.aspx?NewsID=24868&LangID=E>

¹⁹ FN sin høgkommissær for menneskerettar, 16. september 2021, *Executive summary and key recommendations*, para. 6 d.

²⁰ FN sin høgkommissær for menneskerettar, 16. september 2021, para. 144.

²¹ US Department of State, *Sanctions on Two Burmese Entities in Connection with the Military Regime*, 25. mars 2021, <https://www.state.gov/sanctions-on-two-burmese-entities-in-connection-with-the-military-regime/>

²² Official Journal of the European Union, 19. april 2021.

²³ Government of Canada, *Canadian Sanctions Related to Myanmar*, https://www.international.gc.ca/world-monde/international_relations-relations_internationales/sanctions/myanmar.aspx?lang=eng, UK Government, *UK announces further sanctions on Myanmar military-linked companies*, <https://www.gov.uk/government/news/uk-announces-further-sanctions-on-myanmar-military-linked-companies>, Utenriksdepartementet, Forskrift om restriktive tiltak i lys av situasjonen i Myanmar/Burma, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-07-04-895>

²⁴ Business Standard, *Adani Ports to set up container terminal in Myanmar worth \$290 mn by 2021*, 23. mai 2019 https://www.business-standard.com/article/pti-stories/adani-ports-to-set-up-first-container-terminal-outside-india-in-myanmar-119052300858_1.html

APSEZ har forklart at den einaste betalinga som er ubetalt ut over dei 90 millionane, er den årlege festeavgifta på 20 000 USD. Den siste betalinga vart gjort i 2020. Selskapet er også forplikta til å betale "royalty fees" til Myanmar Port Authority når hamna kjem i drift.

Før APSEZ signerte kontrakten med MEC, møtte selskapet ein delegasjon frå militæret i Myanmar som var på besøk i India, inkludert øvstkommanderande Min Aung Hlaing. Møtet fann stad i juli 2019.²⁵ Øvstkommanderande skal ha lagt ut bilete og video av besøket hjå APSEZ sitt hovudkontor på sosiale medium. Besøket skjedde kort tid etter at amerikanske State Department innførte reiseforbod for fleire militære leiarar, inkludert Min Aung Hlaing på grunn av deira "responsibility for gross human rights violations, including in extrajudicial killings in northern Rakhine State, Burma, during the ethnic cleansing of Rohingya".²⁶

I april 2021 vart APSEZ teke av Dow Jones' *Sustainability Indices* på grunn av risikoen knytt til selskapet si forretningsforbindelse med militæret i Myanmar.²⁷

4 Informasjon frå selskapet

Etikkrådet kontakt APSEZ i april 2021 for å be om informasjon om selskapet sitt forretningssamarbeid med MEC. Selskapet gav eit omfattande svar til rådet i mai 2021. I juni 2021 sende rådet også over utkast til tilråding om utelukking frå fondet. I etterkant av dette vart det gjennomført to møter mellom rådet og selskapet.

I oktober 2021 offentliggjorde APSEZ at det hadde avgjort å trekkje seg ut av Myanmar. I ei børsmelding skriv selskapet at "*The Board has decided to actively work on a plan on exiting Company's investment in Myanmar including divestment opportunities (expected to be concluded by Mar – Jun 2022)*".²⁸

I tidlegare kommunikasjon med rådet har APSEZ understreka at forhandlingar og betalningar til MEC vart gjort før MEC vart underlagt sanksjonar, og at ingen betalningar er gjort etter dette, korkje til MEC eller dotterselskapa. Etter ein oppdatering av kontrakten med MEC skal APSEZ også ha fått lagt inn ein klausul i avtalen med MEC om at APSEZ ikkje kom til å gjere utbetalingar til einingar eller personar som er underlagt sanksjonar. APSEZ meiner at det derfor handla i tråd med avtalen når det stoppa utbetalingane i 2020.

Selskapet bekrefta at det hadde teke imot militære leiarar når desse var på besøk i India i 2019, men forklarar at dette var på grunn av ein førespurnad frå indiske styresmakter og ikkje var relatert til avtalen med MEC. Ut over dette forklarte selskapet at det ikkje har nokon relasjon til militæret i Myanmar.

²⁵ The Australian Centre for International Justice and Justice For Myanmar 2021, *Ports of Complicity. Adani Ports in Myanmar* 19. mars 2021, <https://jfm-files.s3.us-east-2.amazonaws.com/public/Port+of+Complicity+Report+-+FINAL+-+High+Resolution.pdf>

²⁶ US Department of State, *Public Designation, Due to Gross Violations of Human Rights, of Burmese Military Officials*, 16. juni 2021, <https://2017-2021.state.gov/public-designation-due-to-gross-violations-of-human-rights-of-burmese-military-officials/index.html>

²⁷ S&P Dow Jones Indices, *Index announcement. Removal of Adani Ports and Special Economic Zone from the Dow Jones Sustainability Indices*, 12. april 2021, https://www.spglobal.com/spdji/en/documents/indexnews/announcements/20210412-1355163/1355163_djsi-adani-20210412.pdf

²⁸ APSEZ, *Operational & Financial Highlights – H1 / FY22*, 27. oktober 2021 <https://www.adaniports.com/-/media/Project/Ports/Investor/Investor-Downloads/Operational-Highlights/Earnings-Presentation-H1-FY22-WL.pdf>

5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert SPU si investering i APSEZ opp mot kriteriet om alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar i retningslinjene.

I tråd med tidlegare tilrådingar legg rådet til grunn at Myanmar er i væpna konflikt i retningslinjene sin forstand. Overgrepa mot sivilbefolkninga i Myanmar er veldokumenterte og utgjer alvorlege brot på humanitærretten og menneskerettane. Sidan kuppet har mange sivile vorte drepne og langt fleire fengsla. I parallell med desse grove overgrepa, har dei væpna konfliktane mellom militæret og opprørsgrupper intensivert seg. Det er også rapportert om nye opprørsgrupper og alliansar med eksisterande grupper. Overgrepa mot sivilbefolkninga er pågåande, og i lys av militæret sin valdelege historie, er det etter rådet sitt syn stor fare for nye, svært grove overgrep frå militæret si side.

I vurderinga av APSEZ sin medverknad til slike overgrep, legg rådet til grunn at selskap som opererer i krig- eller konfliktsituasjonar må utvise ei særleg aktsemd. Som omtala over inneber dette at dersom det er fare for å medverke til ekstreme overgrep, kan rådet kome til at risikoen er uakseptabel, sjølv om selskapet si tilknytning til normbrota er noko svakare enn rådet normalt krev for å tilrå observasjon eller utelukking. Denne saka gjeld slike ekstremt grove normbrot.

I lys av dette skjerpa aktsemdskravet meiner Etikkrådat at APSEZ burde ha utvist særleg varsemd i vurderinga om å inngå eit forretningssamarbeid med eit militæreigd selskap i 2019. På grunn av den omfattande dekninga av militæret sine overgrep mot sivilbefolkninga i 2017 og 2018, legg rådet til grunn at APSEZ må ha vore klar over dette da avtalen vart inngått. Etikkrådet merkar seg i denne samanheng at APSEZ inngjekk avtalen mindre enn to år etter dei grove overgrepa mot rohingyaane.

Etikkrådet meiner ikkje at det å ha forretningssamarbeid i Myanmar i seg sjølv er kritikkverdig, men legg til grunn FNs granskingsgruppe sitt syn på at det å ha eit direkte forretningssamarbeid med eit militæreigd selskap utgjer ein høg risiko for å medverke til grove normbrot. Ved å inngå avtalen med MEC aksepterte selskapet etter rådet sitt syn denne risikoen. Rådet legg også vekt på at hamna i Yangon kan bidra til å auke militæret sin logistiske kapasitet og at APSEZ gjennom forretningssamarbeidet har bidrege til å styrke militæret finansielt. Hamna kan komme til å vere ein langsiktig inntektspost for militæret, også om det skulle kome på plass eit nytt sivilt styre i landet.

Rådet finn at APSEZ i denne saka ikkje har utvist den særlege aktsemda som er forventa i krig- eller konfliktsituasjonar. Med omsyn til risikoen framover i tid, har det likevel stor betydning at selskapet har stoppa utbetalingane til MEC og uttala at det vil trekke seg ut av verksemda i Myanmar. Selskapet forventar at eit slikt uttrekk vil la seg gjere i løpet av første halvår 2022. I lys av situasjonen i landet meiner rådet likevel at det er betydeleg usikkerheit om når eit slikt uttrekk vil la seg gjennomføre. På grunn av tvilen om utviklinga framover i tid, tilrår rådet at selskapet vert sett til observasjon.

6 Tilråding

Etikkrådet tilrår å sette APSEZ til observasjon under kriteriet om alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar.

*

Johan H.
Andresen
Leder

(Sign.)

Svein Richard
Brandtzæg

(Sign.)

Cecilie
Hellestveit

(Sign.)

Trude
Myklebust

(Sign.)

Siv Helen Rygh
Torstensen

(Sign.)